

## Årsmelding for Herand Kvinne og Familielag 2017

4. januar : Medlemsmøte i gamlestova på Tveite.

25. januar : Ansvar for kaffistund på Vikevollen. (Jondal alders og sjukeheim).

1. februar : Årsmøte på Tveite.

8. februar : Samling i peisestova på Vikevollen i regi av Jondal Frivilligsentral. «Husmødrene» frå Lofthus underheldt med song og musikk. Damene i Jondal og Herand Kvinne og Familielag serverte mat og

kaffi. 10. og 11. februar: Me skipa til kakelotteri til inntekt for utdanning til vanskelegstilte jenter i Uganda. Det kom inn kr. 8.000,- som me har fått takkebrev for.

8. mars : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.

13. mars : Jondal Kvinne og Familielag skipa til Marsmøte i Jondal Bedehus. Me var gjester.

5. april : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.

19. april : Me skipa til ope møte i matsalen på Herand Kulturhus der Trond Vikane synte «Bilete frå farne tider» frå biletsamlinga til Th.K. Samland.

29. april : Byggedugnad i regi av Herand Bygdelag. Tradisjonen tru serverte me heimelaga graut og kaker til heile dugnadsgjengen i Bedehuset.

10. mai: Basar på Vikevollen. Samarbeid mellom Frivilligsentralen, Jondal og Herand K&F-lag.

19. mai : Medlemsmøte heime hjå Bjørg Huus.

6. juni : Avslutningstur til Vatnasete.

7. juni : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.

21. juni : Sommaravlutning på Vikevollen. Samarbeid mellom Frivilligsentralen og Jondal og Herand Kvinne og Familielag.

6. september : Sesongstart i gamlestova på Tveite.

13. september : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.

11. oktober : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.

18. oktober : Medlemsmøte i Herand Kulturhus der Liv Bente Steira fortalde og synte oss klède frå nettbutikken sin Libe Etisk Mote.

8. november : Ansvar for kaffistund på Vikevollen.

29. november : Adventsmøte i gamlestova på Tveite. Me laga juledekorasjonar under rettleiing av leiaren vår Marit Samland.

6. desember : Jondal og Herand Kvinne og Familielag samarbeidde om adventstund på Vikevollen. Etterpå samlast me til god middag og ei hyggjestund på Jondal Hotel.

Skrivar Marta Bergstø.